



KOMMUNALE RETNINGSLINJER FOR GJENNOMFØRING AV GUDSTENESTER I SKULETIDA

Retningslinjene er forankra i [opplæringslova § 1-1](#) og [tolkingsuttale frå Udir](#) om avvikling av gudstenester i skuletida.

Skulane i Volda kan gjennomføre gudstenester som ein del av si generelle kultur- og tradisjonsformidling, jf opplæringslova § 1-1. Gudstenesta skal ikkje vere ein del av KRLE-faget. Føresetnader for gjennomføring av gudstenester i skuletida i Voldaskulen:

1. Skulen skal i god tid informere om gjennomføringa av gudstenesta. Det kan skje i års- eller halvårsplan i tillegg til periodeplan.
2. Gudstenesta skal ikkje bere preg av semesteravslutning. Ved semesteravslutning skal alle elevane ved skulen vere samla, og avslutninga bør skje på skulen.
3. Skulen skal ha eit likeverdig alternativ til gudstenesta. Det skal kome tydeleg fram kva innhald tilbodet vil ha.

Tilbodet skal på lik linje med gudstenesta vere ein del av skulen si generelle kultur- og tradisjonsformidlingstilbod heimla i opplæringslova § 1-1 og den generelle delen av Kunnskapsløftet, og skal ikkje vere knytt opp mot konkrete lærermål i fag.

Tilbodet kan gjerne ha preg av kultur og kulturelle kvalitetsopplevelingar.

Utover dette står skulane fritt til å velje aktivitetar som passar sin skule/elevgruppe.

4. Skulen skal organisere ei ikkje-diskriminerande påmelding til dei to alternativa ved at dei føresette (eleven sjølv viss han/ho er over 15 år) aktivt melder seg på. Det skal vere samtidig påmelding til gudsteneste og alternative tilbod. I deltaking i eit tilbod ligg også eventuell øving/forebuing til tilbodet.
5. Foreldra eller eleven skal ikkje måtte gi ut informasjon om eiga tru eller livssyn.
6. Rektor skal årleg gå gjennom reglane for fritak frå aktivitetar med lærarane for å sikre at fritaksretten vert praktisert rett.

*Oppvekst
Desember 2019*